

Saker til behandling under Vågå Arbeiderpartis Årsmøte 2017

1. Organisatorisk sak

VAP2020 - Vågå Arbeiderpartis Organisatoriske Handlingsplan 2017-2020

Forslagsstillarar: Nina Løkken Bråten
Vidar Elda
Sigurd Rønningen
Erik Lillebråten

Bakgrunn:

Arbeiderpartiet er ein medlemsorganisasjon der kraften ligg i medlemmas politiske engasjement. Vår felles visjonen må vera at organisasjonen skal utvikle sosialdemokratisk politikk ved at medlemskap har verdi.

Arbeiderpartiets mål er å vera eit **inkluderande, ope, likestilt og demokratisk** parti. Det er den beste rammen for å utvikle politikk som gjev oppslutning om Arbeiderpartiet – i Vågå, i fylkespolitikken og i rikspolitikken.

Det er utfordrande å vidareutvikle partiorganisasjonen med moderne menneskes krav. Likevel ser ein at folk fortsatt ønskjer å delta i Arbeiderpartiet. For at vi fortsatt skal vera eit parti med mange og aktive medlemmar, må organisasjonsutvikling slik som gjennom **VAP2020** prioriterast.

Vågå Arbeiderparti må ha handlingsplaner for å få til **rekruttering, fornyelse og politikkutforming**. Det må leggest til rette for opne, demokratiske, lærande og tidsriktige arbeidsformer i heile partiorganisasjonen, basert blant anna på følgjande målsettingar:

- **Arbeiderpartiet er ein demokratisk medlemsorganisasjon.**
- Organisasjonen er partiet, og medlemma har gjennom vedtektene avgjerande myndigheit over partiets politikk, valg og indre utvikling.
- Vårt mål er eit samfunn i friheit, likheit og solidaritet. Dette skal vera drivkraften i partiets organisasjonsutvikling **VAP2020**, fordi vi veit at dette oppnås best i samspel med andre.

- Vågå Arbeiderparti skal vera eit lærande, ope og ydmykt parti, med evne til sjølvkritikk og samfunnskritikk.
- Alle får bruke sine evner og talent i Arbeiderpartiet. I vår organisasjon har alle, uavhengig av yrke, livssituasjon, kjønn, alder, legning eller etnisk opprinnelse like moglegheiter til å delta og påvirke.
- **Politisk debatt forutset meningsbryting.** I Arbeiderpartiet er det trygt å bryne meningar og debattere uavhengig av standpunkta vi har.
- **Medlemmas kunnskap og kompetanse er partiets framtid.** Derfor skal partiet vera bevisst korleis medlemmas kompetanse formar partiets arbeidsform og aktivitetar.
- **Våre styringsorgan skal drivast i tråd med demokratiske prinsipp.**
- Vågå Arbeiderparti skal fornye arbeidsmåtar og kommunikasjonsform. Vi skal møte folk der dei oppheld seg.
- Arbeiderpartiet er stolte av å vera med i ein historisk bevegelse, der fagleg politisk samarbeid har vore avgjerande, og fortsatt er en pilar i vår organisasjon og politikk.

Forslag til vedtak i VAPs Årsmøte:

- Styret i VAP foreslår til neste medlemsmøte **VAPs aktivitetsplan** med blant anna oversikt over **møteaktivitet 2017-18**
- Styret foreslår til neste medlemsmøte **organisasjons- og kommunikasjonsutvalg** til å jobbe fram forslag til **VAP2020 - Vågå Arbeiderpartis Organisatoriske Handlingsplan 2017-2020.**
- **VAP2020 - Vågå Arbeiderpartis Organisatoriske Handlingsplan 2017-2020** blir lagt fram til fyrste behandling innan 1. mai 2017
- **VAP2020 - Vågå Arbeiderpartis Organisatoriske Handlingsplan 2017-2020** blir lagt fram til endeleg behandling innan 15. juni 2017

2. Politisk sak

Kommuneplanen og næringsutvikling

Forslagsstillarar: Nina Løkken Bråten
Vidar Elda
Sigurd Rønningen
Erik Lillebråten

Bakgrunn:

**Attraktive byar og tettsted fremmar livskvalitet, busetting og næringsutvikling.
God stadutvikling er viktig for trivsel og trygghet, busetting, næringsutvikling og det å ivareta klima- og miljøsyn.**

Kommunar som lykkast med å utvikle attraktive og levande tettsted blir kjennetegna ved å vera aktive samfunnsutviklarar, dei har eit heilheitleg og langsiktig grep på arbeidet, og spelar på lag med innbyggjarane og det lokale næringslivet.

Vi i Vågå Arbeiderparti gjekk til valg i 2015 med løfte om å «styrke satsinga for eit attraktivt og levande sentrum» som ein av hovedsakene våre.

Etter nokre år med låg aktivitet i sentrum har Vågåmo dei siste månadane sett ei sær sars positiv oppblomstring med ei rekkje nyetabeleringar, butikkar som utvidar sortimentet og gardeigarar som ønskjer å utvikle bygg og uteområder. Nye aktørar er på veg inn i sentrum, nisjebutikkane som er så unike for Vågåmo går med overskot og omsetninga er aukande. Vidare går det gjetord om driftige Vågå i Gudbrandsdalen, og folk frå heile landet tek kontakt fordi dei vil flytte hit.

Alle desse gode kreftene vil få fritt utløp og gje masse nye vekstiltak viss dei folkevalde i Vågå maktar å finne ei løysing for sentrumssone som ivaretek løftet frå Vågå Arbeiderpartis valprogram, gjeldande kommuneplan og ikkje minst ordføraren sine forsikringar i appellen i Moom den 17. desember ifjor:

*“Budskapet til dykk her i kveld er:
Brustugujordet skal ikkje regulerast eller byggjast ut til føremål som kan komme til å føre til at det eksisterande kjerneområdet i sentrum forvitrar som handels- og administrasjonsstad.”*

Alternativet er den rake motsetnad:

Vegen vidare blir sær sars lang og vond for heile Vågå-samfunnet og Vågå Arbeiderparti utan ei snarleg løysing !

Viss Vågå Arbeiderparti står fast på vedtaket om såkalla "stor sentrumssone" ned t.o.m Brustugujordet, vil motsegner frå fylkesnivå og lokalbefolkning utløyse ei rekkje «ekstrarundar» og etter kvart mekling i departementet. Denne meklinga vil åleine ta eit år eller meir, og vil – viss Vågå Arbeiderparti framleis held fast ved "stor sentrumssone" – ende i verst tenkelege utfall: At endeleg avgjerd om Vågåmo si framtid blir løfta ut av lokalsamfunnet og inn i departementet for endelig avgjerd i Oslo. Vi er då venteleg komne langt inn i 2019 - og nytt lokalvalår.

Med ein to-tre år lang bygdekrig og null utvikling i Vågåmo som oppvarming, vil Vågå Arbeiderparti med stor vissheit få svekka oppslutnad i lokalvalget i 2019, og miste sin posisjon som styrande parti i Vågå.

Forslag til vedtak i VAPs Årsmøte:

- Vågå Arbeiderparti står fast ved sitt valgløfte frå 2015 om å «styrke satsinga for eit attraktivt og levande sentrum» og innstiller difor på såkalla «liten sentrumssone» i Vågåmo som ikkje inkluderer Brustugujordet. Dette i tråd med Oppland Fylkeskommunes regionale plan for attraktive byar og tettstader, vedteke 15. juni 2016.
- Viss Vågå Arbeiderparti si innstilling på såkalla «liten sentrumssone» ikkje kan akseptrast av samarbeidspartner Bygdelista, må Arbeiderpartiet ta konsekvensane av dette og bryte samarbeidet. Partiet står uansett fast på sitt vedtak om å «styrke satsinga for eit attraktivt og levande sentrum» gjennom ei «liten sentrumssone».
- Vågå Arbeiderparti vil at Vågå kommune skal bidra til å vekke ei velfungerande næringsforening til liv med ei oppstartsstøtte på 50.000,- og årleg innkjøp av tenester frå næringsforeninga på yttarlegare 50.000,- i oppstartsåra 2017 og 2018.
- Vågå Arbeiderparti ser store vinster av å ha ein næringskoordinator som reint fysisk sit ute blant dei næringsdrivande i kommunen. Vi innstiller difor på at kommunalt tilsett næringskoordinator frå og med våren 2017 skal ha kontorplass minst to dagar i veka i industriområdet i Vågåmo.

3. Politisk sak

Nærings-, busettings- og tilflyttingsprosjektet "Våg å leve"

Forslagsstillarar: Nina Løkken Bråten
Vidar Elda
Erik Lillebråten

Bakgrunn:

På oppdrag for Vågå kommune har firmaet "Gull & Gråstein" vore engasjert i eit svært positivt og effektivt arbeid, som har gjeve solide resultat på kort tid innan det viktigaste området for Vågå nå og i næraste framtid - folketalsutviklinga.

Mange er svært skuffa og forundra over at Vågå kommune ikkje lenger finn det formålstenleg å samarbeide med akkurat det eine miljøet som i særklasse har sett Vågå på kartet med ny metodikk og framprat den siste tida.

Ikkje minst er det mange ubesvara spørsmål når det gjeld tidspunkt for avgjerda og grunngjevinga,

Den skremmande folketalsutviklinga har vore tema i det vide og det breie – spesielt i kommunal sektor – gjennom utallige år. Det har vore brukt store ressursar (tid, pengar og prosjektarbeid) på å forsøke å finne løysingar. Her i Vågå har imidlertid "Gull og Gråstein" testa ut uprøvde idear som funkantar som berre det !

- Bygda vår har fått ein forfriskande "dusj" med positivitet og pågangsmot.

Gjennom prosjektet "Våg å leve" har firmaet "Gull og Gråstein" – med raus bruk av positivitet, entusiasme, store lass med ny energi, nye vinklingar og nytt språk – mellom anna stått bak –

- stillingssleppet frå Vågå, Lom og Sel i romjula
- utviklinga og marknadsføringa av nettsida www.vågåleve.no
- opprettinga av Vågå Næringsforum som informasjonskanal
- portrett av ei rekkje bygdeoriginalar
- oversikt over alle butikktilbod og næringsdrivande i Vågå
- innsamling og presentasjon av alle fritidstilbod i kommunen
- ein del oppgåver knytt til næringslivet lokalt – mellom anna bistand til verksemder som ynskjer å utvikle drifta si og/eller søke midlar.

Vidare er det varsla ein del tiltak framover, mellom anna eit nytt sentrumskart for Vågåmo, prospekt som presenterar bu- og arbeidsmarknaden i Vågåmo og på Lalm, med meir. Dei mange henvendelsane til "Gull og Gråstein" som omhandlar dei forskjellige oppgåvene dei har arbeidd med, viser stort engasjement og tru på prosjektet.

Fleire av tiltaka er sentrale moment i Vågå Arbeiderpartis manifest for nærings- og bustadutvikling.

I "Innlandsoffensiven – EN STRATEGI FOR ØKT VERDISKAPING" frå Arbeiderpartiets innlandsutvalg i 2013 slår ein blant anna fast følgjande:

"Befolkningen i Innlandet har et relativt lavt utdanningsnivå, og deler av regionen preges av synkende folketall og demografiske utfordringer. Andelen på sosiale stønader, sykefraværet, arbeidsledigheten og andelen som dropper ut fra videregående skole er høyere enn landsgjennomsnittet. Vi vil snu disse trendene med en offensiv, forebyggende og direkte skole-, sosial- og distriktpolitikk."

I Vågå er vi nå såvidt i gang !

Vågå Arbeiderparti er svært uroleg for og uenig i at kommunen har sagt opp avtalen med "Gull og Gråstein", og vil at den gode vinden som kommunen vår har hatt i segla dei siste månadane skal fortsetja.

Ikkje nok med det;

- I Vågå skal alt som finns av uprøvde tiltak prøvast ut !

Det vil utvilsamt tene alle til det beste og styrke tiltrua til dei ansvarlege, at Vågå kommune går i dialog med folka i "Gull og Gråstein" for å vidareføre det flotte og innovative arbeidet.

Vågå Arbeiderparti skal evne å sjå og vera raust nok til å innrømme at det dei siste månadane har vore gjort meir for tilflytting til og oppmerksomheit om Vågå-bygda enn nokon gong tidlegare. Ikkje minst som resultat av Vågå Arbeiderpartis politikk på området.

Forslag til vedtak i VAPs Årsmøte:

- Vågå Arbeiderparti vil at Vågå kommune umiddelbart går i dialog med "Gull og Gråstein" for å få på plass ei forlenging av tidlegare avtale eller utarbeiding av ny avtale med tanke på ei vidareføring av det viktige arbeidet som så vidt er kome i gang.
- Før utgangen av 2017 skal avtalen, arbeidet og oppnådde resultat evaluerast før eventuell vidareføring.